


2026 – 2038

Planprogram for kommuneplanen sin samfunnsdel

Fastsett
7. oktober 2025




Forord/Innleiing

Gol kommune har gjennom planstrategien 2024 – 2027 vedteke at samfunnsdelen av kommuneplanen til Gol kommune skal reviderast. Planstrategien vart vedteke av kommunestyret 11. juni 2024. Planprogrammet vart fastsett av kommunestyret 7. oktober 2025.

Kva er kommuneplanen sin samfunnsdel?

Kommuneplanen sin samfunnsdel er verktøyet for kommunen sin heilskaplege planlegging. Alle kommunar skal ha ein samfunnsdel, jamfør plan- og bygningslova § 11-1 (pbl). Samfunnsdelen skal ta stilling til langsiktige utfordringar, mål og strategiar for kommunesamfunnet som heilheit og kommunen som organisasjon, for sektorane og for utvalde målgrupper (pbl § 11-2).

Samfunnsdelen skal vare fram mot år 2038. Kommunen bør ha ambisjonar om å drøfte samfunnsdelen kvart fjerde år, og i fyrste del av valperioden.



Figur 1: Samfunnsdelen. Figuren er henta frå rettleiaren "Kommuneplanprosessen – samfunnsdelen – handlingsdelen", side 21.

Kva er planprogrammet til samfunnsdelen?

Planprogrammet er det fyrste steget i arbeidet med ein ny kommuneplan. Planprogrammet skal gjere greie for formålet med planarbeidet, planprosessen med fristar og deltakarar, opplegg for medverknad, særleg for grupper som ein antek blir særleg berørt, kva alternativ som blir vurdert og behov for utgreiingar. Planstrategien er utgangspunktet for planprogrammet.

Planprogrammet er bygd opp etter rettleiar T-1492 *Kommuneplanprosessen – samfunnsdelen – handlingsdelen*, som er utgitt av Miljøverndepartementet.

Formål med planarbeidet

Formålet med planarbeidet er å utarbeide ny samfunnsdel for Gol. Den gjeldande samfunnsdelen vart vedteke av kommunestyret 12. juni 2018. Den gjeldande samfunnsdelen har overskrifta «Me sjåast på Gol», som viser til dei tre satsingsområda «det gode liv», «møteplassen mellom aust-vest» og «utgangspunkt for næring og utvikling». Mykje har skjedd i samfunnet, og i Gol sidan 2018, og samfunnsdelen er moden for oppdatering.

Planstrategien skriv følgande om kvifor samfunnsdelen bør reviderast:

- Bustadutviklinga er i stor grad knytt til leilegheitsbygg i kombinasjon med næringslokale
- Etablering av Campus Hallingdal
- Bu- og blilyst prosjekta lokalt og regionalt
- Ny kunnskap om samfunnsutvikling generelt, demografi, nasjonale forventningar og nye utfordringar og moglegheiter som kommunen må vurdere fram mot 2040
- FN sine berekraftsmål
- Legge føringar for ein langsiktig arealstrategi og danne grunnlag for overordna planlegging. Kommunen er i gang med å utarbeide arealrekneskap.
- Gol sin posisjon i ein regional utvikling.

Rammer for samfunnsdelen

Samfunnsdelen skal følgje nasjonale, regionale og kommunale forventningar. I tillegg har Noreg slutta seg til FN sine 17 berekraftsmål.

Nasjonale forventningar for regional og kommunal planlegging

Regjeringa legg kvart fjerde år fram nasjonale forventningar for regional og kommunal planlegging for å fremme ei berekraftig utvikling i heile landet. Forventningane skal følgast opp i arbeidet med planstrategiar og planar i fylkeskommunane og kommunane og leggst til grunn av statlege styresmakter når dei tek del i planprosessane. Dei nyaste nasjonale forventningane vart vedteke ved kongeleg resolusjon 20. juni 2023. Dei nasjonale forventningane har vald fem overordna perspektiv som dannar grunnlaget for 72 forventningspunkt:

- Samordning og samarbeid i planlegginga
- Trygge og inkluderande lokalsamfunn
- Velferd og berekraftig verdiskaping

- Klima, natur og miljø for framtida
- Samfunnstryggleik og beredskap

Regional planstrategi for Buskerud

Regional planstrategi for Buskerud vart vedteke av Buskerud fylkesting 23. oktober 2024. Den regionale planstrategien peikar på følgande regionale samfunnsutfordringar som må handterast:

- Utanforskap
- Stort omstillingsbehov
- Knappeit på ressursar

Planstrategi for kommune Gol 2024 – 2027

Planstrategien for Gol kommune vart vedteke av kommunestyret 11. juni 2024. I planstrategien blir følgande hovudutfordringar lyfta fram:

- Folketalsutvikling – demografi
- Folkehelse
- Miljø og klima, klimatilpassing, natur og samfunnstryggleik
- Tettstadsutvikling og samferdsel

Planprosessen

Planprosessen byrjar med utarbeiding av planprogrammet til samfunnsdelen. Planprogrammet blir lagt ut til offentleg ettersyn samtidig med at det blir varsla om oppstart av planarbeid.

Planprogrammet skal ligge ute til offentleg ettersyn i minimum seks veker. Alle kan kome med innspel til planprogrammet. Når fristen for offentleg ettersyn er ute, må kommunen ta stilling til innspela som har kome inn. Planprogrammet blir deretter 2. gongsbehandla i formannskapet og sluttbehandla i kommunestyret.

Deretter skjer sjølve arbeidet med samfunnsdelen. I denne fasen skal ein innhente informasjon, gjennomføre medverknad i tråd med planprogrammet og utarbeide dokumentet som er samfunnsdelen. I denne fasen vil det bli gjennomført politiske verkstader, møte med ulike brukargrupper og innbyggjarar. Når eit utkast er klart, blir dette 1. gongsbehandla i kommuneplanutvalet. Samfunnsdelen blir deretter lagt ut til offentleg ettersyn i seks veker, der alle kan kome med innspel til samfunnsdelen. Kommunen tek deretter stilling til innspela, før

Samfunnsdelen blir 2. gongsbehandla i kommuneplanutvalet og sluttbehandla i kommunestyret.

Deltakarar

Oppdragsgivar:	Gol kommunestyre
Styringsgruppe:	Kommuneplanutvalet
Planansvarleg:	Samfunnsplanleggar
Prosjektgruppe:	Kommunedirektør og kommunalsjefar
Interne referansegrupper:	Avdelingar i Gol kommune, tillitsvalde, Gol ungdomsråd, barnas representant, Felles råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne (RÅFU), UKL, UNN
Andre samarbeidsaktørar:	Statsforvaltaren, fylkeskommunen, lag og foreiningar, brukar- og interesseorganisasjonar, næringslivet, frivillige organisasjonar

Medverknad

Arbeidet med samfunnsdelen skal vere ein open prosess. Det er difor viktig at innbyggjarane blir informert undervegs i planarbeidet. Informasjon om planarbeidet skal vere lett tilgjengeleg på kommunen sine nettsider, og det skal vere enkelt å kome med innspel.

Samfunnsdelen er ein politisk styrt plan. Det er difor viktig at politikarane er godt involvert i planarbeidet. Når planprogrammet er vedteke, vil det bli arrangert ein politisk verkstad for kommunestyret, der alle folkevalde kan kome med innspel til planen. Det vil og bli arrangert innbyggjarverkstad og møte med Gol ungdomsråd og Felles råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne (RÅFU).

Etter verkstadene, vil administrasjonen sy saman innspela til eit dokument.

Kommuneplanutvalet vil bli orientert om status og framdrift undervegs.

Framdriftsplan

- Utarbeiding planprogram: våren 2025
- Behandling i kommuneplanutval: juni 2025
- Offentleg ettersyn planprogram saman med varsel om oppstart: juni til august 2025

- 2. gongsbehandling i kommuneplanutval og sluttbehandling planprogram
kommunestyret: september/oktober 2025
- Utarbeide planforslag og gjennomføre medverknad: hausten 2025 til vinteren 2026
- 1. gongsbehandling kommuneplanutval: fyrste halvdel 2026
- Offentleg ettersyn: sommaren 2026
- Gjennomgang av innspel frå offentleg ettersyn/gjere endringar i forslag: hausten 2026
- 2. gongsbehandling i kommuneplanutval og sluttbehandling i kommunestyret: andre halvdel 2026

Alternativ som vil bli vurdert

Ulike alternativ med bakgrunn i satsingsområde vil bli vurdert i planprosessen.

Behov for utgreiingar

Arbeidet med revideringa av samfunnsdelen, spesielt satsingsområdet «det gode liv» skal inkludere ei vurdering av relevante ungdata og folkehelsesdata og korleis samfunnsdelen bør ta dette inn i seg.

Den kommunale planstrategien skriv følgande:

Utfordringane i gjeldande samfunnsdel er i stor grad framleis aktuelle og danner ein rød tråd i grunnlaget for kommunal planstrategi fram mot 2027. Revidering av samfunnsdelen bør;

- bygge på hovudstruktur/oppbygging av dagens samfunnsdel
- legge til grunn utfordringar og utviklingstrekk omtalt i planstrategien
- ha færre hovudmål, redusere og spisse strategiane
- ha ein klar og tydeleg arealstrategi
- legge til grunn berekraftmål med indikatorar for å måle effektane. Konkrete tema som har betydning for revideringa av samfunnsplanen er også omtalt under hovudutfordringane i kap. 6.

Det er naturleg at utgreiingane blir gjort med bakgrunn i utfordringane som er skissert i planstrategien.